

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FA - K02	14/1190

Saknr	Utval	Type	Dato
080/2017	Kommunestyret	PS	11.12.2017

Biosfæreprosjektet

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune støttar Region Nordhordland sitt kandidatur til å bli eit UNESCO Biosfæreområde. Kommunen forpliktar seg, i samarbeid med dei andre kommunane i regionen, å finansiere sin rettmessige del for første fasen av biosfæreområdet si verksemd - innanfor den ramma som er sett i budsjettet for perioden 2019 – 2021.

Saksopplysningar:


Bakgrunn

Viser til orientering i sist kommunestyre (28.11.17) kring prosjektet og søknad UNESCO, og som varsla då, kjem sak til handsaming til kommunestyret den 11.12.17.

Juni 2013 inngjekk Regionrådet i Nordhordland og Universitetet i Bergen ein samarbeidsavtale om å arbeide for at Region Nordhordland skal bli eit UNESCO Biosfæreområde. Arbeidet starta med ein forprosjektstudie som viste korleis Nordhordland kunne fylle krava som UNESCO set til slike område. Våren 2015 vart alle kommunane samde om å fremme Nordhordland sitt kandidatur til å bli det første UNESCO Biosfæreområdet i Norge. Søknaden vart innvilga av den norske komiteen for programmet «Menneske og Biosfære» (MAB) og tilbakemeldingane vi har fått frå dei og UNESCO sin administrasjon i Paris, er at Nordhordland fyller alle kriteria som er sett til ein slik status. Regionen er ein nytenkande og spennande kandidat med særsmale gode kvalitetar til å vere eit biosfæreområde. Vårt kandidatur har vakt stor interesse og begeistring også internasjonalt innan MAB-programmet. Tidlegare i år vart biosfæreprosjektet presentert i Nordhordlandstinget.

Nordhordland Utviklingsselskap IKS har samarbeidd med Universitetet i Bergen (UiB) om biosfæresatsinga. Det vart etablert eit prosjekt og oppnemnt styringsgruppe og arbeidsgruppe. Styringsgruppa har hatt som oppgåve å sikre målstyring, innhald og framdrift i prosjektet, medan arbeidsgruppa har arbeidd med hovudsøknaden, informasjonsarbeid og gjennomført aktivitetar i perioden. Forprosjektarbeidet er finansiert av kommunane i Nordhordlandsregionen og UiB. Staten ved Den Norske Unescokommisjonen har òg bidrige økonomisk. Det same gjeld det lokale næringslivet i regionen. Prosjekteigar er Regionrådet i Nordhordland som representerer 9 kommunar i Nordhordland.

Nordhordland Biosfæreområde vil omfatte alle kommunane i Region Nordhordland samt Øygarden kommune og delar av kommunane Vaksdal, Voss, Vik og Høyanger. Geografisk vil Nordhordland Biosfæreområde strekke seg frå Sognefjorden, opp i Stølsheimen, ut fjordane til kysten og deler av havområda utanfor.



Den stipla lina visar det tenkte Biosfæreområdet.

Hovudmålet for biosfæresatsinga er:

«Nordhordland Biosfæreområde skal byggje på det beste frå fortida og legge til rette for ei framtidsretta samfunnsutvikling som sikrar ein berekraftig bruk av alle typar ressursar - til nytte og glede for befolkninga i dag og for komande generasjonar.»

Fakta

UNESCO sitt «Mennesket og Biosfæreprogram» (MAB) er no ei nasjonal satsing i Norge og Nordhordland vart i desember 2016 utnemnd som Norge sin første kandidat. Ein slik status gir særlege mogelegheiter for regionen. Det er no eit nasjonalt fokus på satsinga og komiteen har uttala at det er særskilt viktig at det første kandidaturet Norge fremjer til UNESCO vert vellukka.

Men det viktigaste er sjølv sagt kva satsinga vil bety for Nordhordland i framtida. Kort fortalt skal eit biosfæreområde vere eit godt døme for berekraftig utvikling. Det er lagt rammer for kva eit biosfæreområde skal innehalde, men vi står relativt fritt til å forme strategien for biosfæreområdet i Nordhordland. Grunntanken i UNESCO er at MAB-programmet skal bygge eit internasjonalt nettverk av regionar som ønskjer ei meir berekraftig samfunnsutvikling. Dette inneber nye og betre måtar å nytte ressursane på.

Etter handsaming i kommunane går søknaden frå Nordhordland vidare til den norske MAB-komiteen og til nasjonale myndigheter v/ Klima og Miljødepartementet. Regjeringa sender inn søknaden frå

Norge til UNESCO i september 2018, og Nordhordland vert utpeikt som eit UNESCO Biosfæreområde våren 2019.

I saksutgreiinga finn du informasjon om

- Pliktar
- Moglegheiter
- Organisering av biosfæreområdet
- Økonomiske konsekvensar av satsinga (2019-2021)

Saksutgreiinga er felles for kommunane men inneholder også spesifikk informasjon som gjeld den enkelte kommune. Framlegg til vedtak er likelydande.

Pliktar

Kva er det området forpliktar seg til ved denne satsinga? Først og fremst handlar dette om at området skal leggje til rette for ei samfunnsutvikling som sikrar berekraftig bruk av ressursane våre. Vi skal sørge for at dei kommande generasjonar vil synes det er like godt å bu i Nordhordland som det vi gjer i dag. Det vil vere FNs 17 berekraftsmål som er grunnlaget for arbeidet vi skal gjere.

Det er viktig å påpeike at status som UNESCO biosfæreområde **ikkje fører til restriksjonar i bruk eller utnytting av ressursane i regionen. Der er ingen nye lovar og reglar som trer i kraft.** Men det ligg ei plikt til å arbeide for ei berekraftig utvikling og bidra til at Region Nordhordland står fram som eit eksempel på berekraft i alle deler av samfunnet.

Forprosjektsøknaden som vart handsama i kommunestyra hausten 2014 tok for seg kriterielista til UNESCO og viste korleis området stetter krava på ein framifrå måte;

- *Eit levande samfunn med ei befolkning som bur og driv med ulike typar ressursutnytting / næringsverksemd. Området må verte stort nok til å ivareta, støtte og utvikle området.*
Med ei befolkning på om lag 53 000 , med levande lokalsamfunn og med eit godt næringsgrunnlag, er dette kravet stetta.
- *Området skal ha landskap og/eller sjøområde med høge natur- og kulturverdiar og verdifulle ressursar.*
Vårt område strekker seg med korte avstander frå hav til fjell med ein sterk klimagradient som er sjeldan i verdssamanheng. Vår kulturarv er sterkt og kulturlivet blomstrar i lokalsamfunna.
- *Området skal vere relevant for å utforske og demonstrere ulike problemstillingar knytt til berekraftig utvikling.*
Vi har eit tett samarbeid med Universitetet i Bergen (UiB) for forsking i området. UiB har fått tildelt UNESCO Chairs for forsking innan MAB-programmet.
- *Biosfæreområdet skal ha ei organisering og drift som er inkluderande.*
Før Region Nordhordland vert utnemnd til biosfæreområde skal vi utarbeide ein strategi for arbeidet. Det vert lagt opp til ein inkluderande prosess. Strategien legg føringar for tenleg organisering og drift.

I tillegg er det krav til at området skal innehalde verneområde. Innanfor biosfæreområde er det 42 verna område. Fire av desse er tatt ut til å representere kjerneområda i biosfæreområdet. Dette er Stølsheimen, den nasjonale Laksefjorden v/ Osterøy, Loneelvi og Lurefjorden. Det er også eit krav at kvar av kjerneområda skal ha ei buffersone rundt seg. Buffersonene baserer seg på forskrifter som gjeld i området – og representerar ikkje noko restriksjonar utover eksisterande forskrifter.

Det er ingen kjerne- eller buffersoner for biosfæreområdet i Masfjorden kommune.

Moglegheiter

Kvifor skal Nordhordland vere eit UNESCO Biosfæreområde – kva nytte kan vi ha av det – kva moglegheiter gjev det oss?

Styringsgruppa har satt opp ti punkt som visar at området vil vere tent med å få denne statusen.

- 1. Statusen vil gje oss ein ‘motor’ for gjennomføring av FNs berekrafts mål i regionen.**

Biosfæreprosjektet kan bli et viktig verktøy for gjennomføring av FNs berekrafts- mål i Nordhordlandsregionen og vil ta ei særleg rolle for informasjon til og utvikling av aktivitetar for born og unge. Ut frå Stortingsmelding nr. 29 (Perspektivmeldingen 2017) har regjeringa bestemt at berekraftsmåla skal vere styrande for verksemda i Norge.

- 2. Fokus på ei heilskapleg samfunnsutvikling der vi i større grad sikrar biologisk mangfold, berekraftig bruk av naturressursane og fremjar lokal kultur.**

- 3. Gjennom å vere eit biosfæreområde skal vi gjere innbyggjarane meir bevisste, deltagande og engasjerte - slik at dei i større grad tek ansvar for og kontroll over eiga utvikling.**

Biosfæreprosjektet vil trekke flest mogleg med i arbeid og aktivitet gjennom informasjon, kontaktskapande verksemd og samarbeidsprosjekt.

- 4. Satsinga gjev oss eit naturleg høve til å auka lokal matproduksjon ved å nytte naturressursane på land og i sjø på ein meir berekraftig måte.**

Biosfæreprosjektet ønskjer å auke graden av lokal matproduksjon både fordi dette gjev tilgang til matvarer med høg kvalitet og fordi ei slik utnytting bidreg til større bevisstheit om eigne ressursar og eigen identitet.

- 5. Som eit biosfæreområde er det naturleg å vidareutvikle lokale strategiar og engasjement for å redusere menneskeskapte klimaendringar.**

Vi ser i dag følgjene av klimaendringane gjennom meir ekstremvêr på Vestlandet. Vi set fokus på behovet for informasjon og lokale tiltak for eit breitt samarbeid med både med grasrota og store næringslivsaktørar.

- 6. Ei slik satsing skal bidra til auka innovasjon og grøn næringsutvikling.**

Dei store oljeressursane utanfor kysten har skapt mange arbeidsplassar og stor verdiskaping i Nordhordland. På sikt er det venta ein nedgang i denne aktiviteten og det er trøng for nytenking og omstilling. Gjennom biosfæresatsinga får vi tilgang til

fleire verktøy i arbeidet med å fremje endring til eit grønare næringsliv.

7. **Nordhordland Biosfæreområde skal bidra til å utvikle berekraftig turisme i regionen.**
Frå andre biosfæreområde rundt om i verda ser vi at dei har klart å byggje opp ei sterke reiselivssatsing. Nordhordland har eit stort potensiale for utvikling av reiselivet – knytt til aktivitetar både langs kysten og i fjellet.
8. **Biosfærestatusen gjev grunnlag for merkevare- og identitetsbyggande arbeid.**
Nordhordland er ein solid industriregion med lange tradisjonar og ein sterkt lokal kultur. Likevel har det vore vanskeleg å byggje opp ein tydeleg merkevare knytt til regionen sin identitet. Biosfærestatusen kan nyttast til å tydeleggjere området og sette regionen vår på kartet.
9. **Området får eit tettare samarbeid mellom samfunnet og forskings- og utdanningsinstitusjonar for å sikre at utviklinga vert basert på kunnskap.**
Biosfæreratsinga i Nordhordland er eit samarbeid mellom kommunane og Universitetet i Bergen. Den vidare utviklinga forutset at dette samarbeidet vart oppretthalde og utvikla vidare til å omfatte også andre lokale, nasjonale og internasjonale universitet og forskingsinstitusjonar. Biosfærestatusen skal bidra til ei kompetanseoppbygging som svarar til regionen sine utfordringar og behov.
10. **Gjennom Nordhordland Biosfæreområde skal regionen kunne utvikle og nytte eit verdsomspennande internasjonalt nettverk og arbeide aktivt for at erfaringane vi gjer lokalt skal delast med andre tilsvarende regionar nasjonalt og internasjonalt**
Det er nær 700 biosfæreområder verda over og det går føre seg ei omfattande kunnskapsutveksling mellom desse – på alle nivå i samfunnet. Vi får tilgang til eit internasjonalt nettverk både direkte gjennom MAB-programmet og indirekte gjennom samarbeid med forskings- og utdanningsinstitusjonane.

Organisering

I løpet av 2018 må vi leggje til rette for eit breitt arbeid for å konkretisere måla og utvikle aktivitetar som skal knytast til biosfærestatusen. Her må kommunane, næringslivet, lag/organisasjonar og andre aktuelle samfunnsbyggjarar ta del i arbeidet og sikre eit solid resultat som gjev grunnlag for arbeidet i dei første åra etter at biosfærestatusen er på plass. Framtidig organisering av biosfæreratsinga heng saman med dei arbeidsoppgåvene som biosfæreområdet skal ha og endeleg organisasjonsstruktur skal utarbeidast i den planlagde strategiprosessen.

Til no har biosfæreprosjektet bygd på ein samarbeidsavtale frå 2013 mellom Regionrådet i Nordhordland og Universitetet i Bergen om utvikling av søknad om biosfærestatus og om eit framtidig forskingssamarbeid innan biosfæreområdet. Alle kommunane som er knytt til Regionrådet i Nordhordland har tatt del i satsinga. Dette er kommunane Austrheim, Fedje, Gulen, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy. I tillegg til desse, er også Øygarden og delar av kommunane Vaksdal, Voss, Vik og Høyanger del av prosjektet.

Praktisk har organiseringa vore slik:

- Kommunane i Nordhordland har vore overordna eigarar av biosfæreprosjektet og Regionrådet i Nordhordland er har vore prosjekteigar.
- Administrasjonen til Regionrådet i Nordhordland, Nordhordland Utviklingsselskap IKS (NUI) har prosjektansvaret i søknadsperioden. NUI har sett ned ei arbeidsgruppe for prosjektarbeidet. Denne har eigen administrasjon og fagleg representant frå UiB. I tillegg ekstern konsulent.
- Ei styringsgruppe for prosjektet har fungert sidan 2013. Den har vore sett saman av ordførarar (3), og representantar frå Hordaland fylkeskommune, Fylkesmannen i Hordaland, Universitetet i Bergen, næringslivet og lag / organisasjonar.

Den endelege forvaltnings og organisasjonsstrukturen vil som nemnd bli bestemt i samband med utvikling av strategi for biosfæreområdet. Dette vil skje i løpet av 2018 og 2019.

Styringsgruppa for biosfæreprosjektet har peika på følgjande punkt som viktige for organisering av biosfæreområdet:

- Organiseringa av Nordhordland Biosfæreområde må sjåast i direkte samband med dei oppgåver og den funksjon biosfæreområdet skal ha. Før endeleg organisasjonsform vert bestemt, skal føremål og vedtekter for organisasjonen på plass.
- Organisasjonsmodellen må ikkje låse oss til ein organisasjonsform som vi ikkje er tent med over tid. Den bør vere dynamisk slik at den kan tilpassast ulike framtidige scenario.
- Det er viktig med stor openheit og at alle (særleg lag og organisasjonar) vert inkludert i styring av biosfæreområdet.

Økonomiske konsekvensar – Budsjett frå 2019 - 2021

Budsjettframlegget må sjåast i samanheng med dei arbeidsoppgåver som vert lagt til biosfæreprosjektet slik det er skissert under dei 10 punkta ovanfor. Dette vil bli tydelegare når den endelege strategien for biosfæreprosjektet er på plass, når det er bestemt kva aktivitetar som skal leggast til satsinga og ein har valt ei høveleg organisasjonsform.

I budsjettet er det lagt opp til tre årsverk i biosfæreprosjektet. Det er også lagt inn kostnader til informasjonsarbeid og møteverksemd. Ein viktig del av arbeidet er å vere med å ta initiativ til, eller bidra til, tenlege prosjekt for biosfæresatsinga. Prosjekt som vert sett i gong i tilknyting til biosfæreområdet, må finne si eige finansiering utanom budsjettet.

I fordelinga mellom kommunane (dei kommunane som er innan biosfæreområdet med heile kommunen) legg vi til grunn slik fordelinga har vore; 50% er ein fast grunnsum og 50% er delt etter folketal. Fordelinga må vurderast til budsjettet i 2020 – etter kommunesamanslåinga.

Årleg budsjett frå 2019 – 2021.

Kostnader	
Prosjektadministrasjon (3 årsverk)	2 350 000
Arbeid frå styringsgruppa / kommunane	250 000
Ekstern ekspertise	100 000
Møter / seminarer	150 000
Informasjonsarbeid	100 000
Reiser	100 000
Diverse	50 000
Totale kostnader	3 100 000
Inntekter	
Kommunane i biosfæreområdet	600 000
Eigeninnsats, styringsgruppa, kommunane	250 000
Universitetet i Bergen	300 000
Hordaland Fylkeskommune	200 000
KMD / statleg programfinansiering	1 500 000
Næringsliv / Sponsorar	250 000
Totale inntekter	3 100 000

Konklusjon

Masfjorden kommune har dei siste åra løyvd årleg om lag 37 – 38.000 til prosjektet, og forlening og søknad inneber ein liten auke i årleg kostnad, frå 2019 ca. 45.000, som vi dekkjer over kraftfondet, og tilrår at kommunen støttar Region Nordhordland sitt kandidatur til å bli eit UNESCO Biosfæreområde. Kommunen forpliktar seg, i samarbeid med dei andre kommunane i regionen, å finansiere sin rettmessige del for første fasen av biosfæreområdet si verksemd - innanfor den ramma som er sett i budsjettet for perioden 2019 – 2021.

Kommunestyret - 080/2017

KS - behandling:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Masfjorden kommune støttar Region Nordhordland sitt kandidatur til å bli eit UNESCO Biosfæreområde. Kommunen forpliktar seg, i samarbeid med dei andre kommunane i regionen, å finansiere sin rettmessige del for første fasen av biosfæreområdet si verksemd - innanfor den ramma som er sett i budsjettet for perioden 2019 – 2021.